



Indre Hordaland Miljøverk

Indre Hordaland Miljøverk IKS (IHM) er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med innsamling, tilrettelegging av sorteringsordningar, gjenvinning, energiutnytting og sluttbehandling av avfall.

Vi søker etter medarbeidar i fast stilling til

DRIFT AV MILJØSTASJONAR

IHM eig og driv 6 miljøstasjonar i regionen i tillegg til hovudmottaket for avfall på Voss. Miljøstasjonane held ope ein dag i veka. Du vil få ansvar for drift av miljøstasjonar i indre Hardanger. Ein del av arbeidstida må tilpassast opningstidene på miljøstasjonane, og noko av arbeidstida vert ved avfallsmottaket på Voss som også vert base for stillinga.

Avfallssektoren er i stadig utvikling, og det er aukande krav til kompetanse innan fagområdet. Nødvendig opplæring vil bli gitt.

Passande bakgrunn for stillinga kan vere vidaregåande skule innan yrkesfag/landbruk, men det er ikkje noko absolutt krav. Relevant praksis vil vere ein fordel. Vidare meiner vi at det er viktig at du:

- er påliteleg og kan arbeide sjølvstendig
- er utadvendt, omgjengeleg og serviceinnstilt
- har erfaring med bruk av IT-verktøy
- kan formulere deg godt muntleg og skriftleg

Sertifikat for bil med totalvekt inntil 7,5 tonn er ein fordel.

For oss er avfall ein viktig ressurs, og vi håpar at eit overordna miljøperspektiv er viktig også for deg. Syns du dette kan vere interessant, ta kontakt med Gunnar Bråten på tlf. 56 52 99 04 som vil fortelje deg meir om jobben.

Vi oppmodar kvinner om å søkje.

Vi ønskjer din skriftlege søknad med CV innan 05.03.10 til: Indre Hordaland Miljøverk IKS, Postboks 161, 5701 VOSS, eller til ihm@ihm.no.